



Statens vegvesen

Lindås kommune
Christian H. Reinshol
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
18. 10. 2014	
Ark. saksnr 14/6596	I løpenr
Saksh.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/025388-006

Dykkar referanse:
14/6596 - 14/22605

Vår dato:
15.10.2014

Kunngjering - Høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad

Vi viser til Dykkar brev av 09.10.14 med kunngjering for høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering – Lindåsneset med Mongstad i Lindås kommune.

I samband med at Statoil har vedteke å flytte sine baseaktivitetar for Nordsjøen til Mongstad, har dette ført til at større næringsområder som tidlegare har vore planlagt utbygd i mindre enkelttomter no vert bygd ut under eitt. Dette medfører at store mengder masser, spesielt jordmassar, må flyttast som følgje av utbygginga.

Det er no starta opp ein kommunedelplan for å avklare omfanget og bidra til ei betre samordning av massehandtering innanfor utbyggingsområda innanfor kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Kommunedelplanen skal avklare gjenbruk av jord, føremålstenleg plassering av massar og leggje til rette for ei sams handtering av overskotsmassar frå utbyggingsområda.

Statens vegvesen ser det som svært positivt at det vert sett i gang arbeid med ein overordna plan for å avklare korleis handtering av desse massane kan gjennomførast på ein mest tenleg måte med omsyn til ivaretaking av desse massane som ein ressurs for m.a. landbruksnæringa i kommunen.

Når det gjeld framlegget til planprogram for dette planarbeidet har Statens vegvesen ikkje vesentlege merknader til forhold som gjeld handsaming av desse massane som ein viktig ressurs for både private og offentlege etatar i denne delen av Lindås kommune.

Statens vegvesen vil likevel at det må kome fram i planprogrammet at det må setjast fokus på tiltak som må gjennomførast på vegnettet for at det skal kunne vere forsvarleg å kunne tillate transport av jordmassane på vegnettet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

I dette arbeidet er det viktig å fokusere på trafikktryggleik langs vegnettet som det kan vere aktuelt å bruke til denne massetransporten. Vi veit at det langs store delar av både riks- og fylkesvegnettet i kommunen ikkje er tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar.

I samband med kommunedelplanarbeidet må trong for trafikksikringstiltak på vegnettet avklarast samtidig som det og må setjast krav om når tiltak må gjennomførast.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til framlegget til planprogram.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing



Sindre Lillebø
seksjonssjef



Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen